

Søknad – æresteikn IL Jotun

Styret i turngruppa ynskjer å melde inn Sofie Moen og Aina Heggø som kandidatar til æresteikn. Dei har i mange år gjort ein fantastisk jobb for turngruppa. Utan desse to, hadde ikkje turngruppa vore det den er i dag, med så mange aktive turnarar.

Gjennom sesongen er dei stort sett å sjå, anten i Årdalshallen eller i turnhallen. Her er nokre av oppgåvene desse to jobbar med:

- Dei trenar fleire årskull kvar veke.
- Stiller gjerne opp som hjelpetrenarar i andre grupper, med gode tips og råd til utvikling.
- Dei er alltid positive og bidreg på dugnadar og arrangement i regi av Jotun.
- Dei reiser på konkurransar og stemner. Har stilt med ungdomstropp i NM-kvalifisering i Drammenshallen, som er noko av det største turngruppa har vore med på i deira tid som trenarar.
- Dei jobbar for rekruttering og samarbeid med andre klubbar.
- Dei jobbar med å utvikle og rettleie trenarar i klubben.

Sofie har tidlegare fått bragestaupet for innsatsen med turnstemnet. Ho har trenar 1 og 2-utdanning. Ho sit som sportsleg leiar i turngruppa, og som leiar i Sportsleg utval (turn).

Aina har sete i AU, har trenar 1-utdanning og har fungert som hovudtrenar i turngruppa saman med Sofie sidan 2014.

Sofie og Aina er gode kandidatar til å få denne utmerkinga i år. Alle idrettslag er avhengig av eldsjeler, og desse to er akkurat det.

Mvh styret i turngruppa

v/Marianne Vee Hellebø